



AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE
FYLKESRÅDMANNEN

Hordaland fylkeskommune
Telemark fylkeskommune
Vest Agder Fylkeskommune
Rogaland Fylkeskommune
Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Telemark
Fylkesmannen i Vest Agder
Fylkesmannen i Rogaland
Fylkesmannen i Aust Adger
Vemund Jahren. Direktoratet for naturforvaltning

Sakshandsamar: Sissel Bakke
Direkte tlf.: 37017498

✓ Dykkar ref.:
Vår ref.: 2007/1242-
16216/2007

Vår dato: 10.08.2007
Arkivnr: 123/K40

**INVITASJON TIL DRØFTINGSMØTE - FYLKESDELPLAN FOR BRUK
OG VERN AV SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEINE OG SETESDAL
AUSTHEI.**

Tid 7 september, klokka 10 – 15
Stad Rica Dyreparken Hotell, Kristiansand

Dagsorden vert sendt etter når denne er avklara med MD.

Me viser til brev frå Miljøverndepartementet dagsett 12 april 2007 kor dei ber om at fylkeskommunane utarbeidar fylkesdelplan for ei heilskapleg forvaltning av fjella som er spesielt viktige for framtida til villreinen i Norge. Aust Agder Fylkeskommune er beden av departementet om å vere teknisk møtearrangør.

Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei er gitt status som nasjonale villreinområde. Det er eit prioritert område i høve til å kome i gong med fylkesdelplanarbeidet. Dei nasjonale villreinområda inngår i to "europeiske villreinregionar" kor Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei er ein del av den sørlege europeiske villreinregionen saman med Hardangervidda og Nordfjella. Den formelle etableringa av dei europeiske villreinregionane skjer etter at fylkesdelplanane for dei nasjonale villreinområda er vedtatt.

For å avklare oppdraget frå departementet, organisering og planprosess inviterer miljøverndepartementet til eit drøftingsmøte med rørdre fylkeskommunar og fylkesmenn. I tillegg inviterer ein Vemund Jahren frå Direktoratet for naturforvaltning som har vore med i heile prosessen til rapporten "Villrein og samfunn" som er mykje brukt som grunnlag for dei politiske målsettingane i Stortingsmelding nr 26 (2006 – 2007) "Regjeringens miljøpolitikk og

Postadresse:
Serviceboks 606
4809 Arendal

Besøksadresse:
Ragnvald Blakstadsvei 1

Telefon: 37017300
Telefax: 37017303
Bank: 6318.05.49015

e-postmottak: postmottak@aa-f.kommune.no
Organisasjonsnr.: 943 039 046
Hjemmeside: www.aa-f.kommune.no

rikets miljøtilstand" og Stortingsmelding nr 21 (2005 – 2006) "Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken".


Frå departementet møter rådgjevarane Bjørn Kasper Horgen og Øyvind Aarvig.

Det vert invitert to representantar frå kvar av fylkesmennene (1 frå landbruk og 1 får miljø)
Det vert invitert to representantar frå kvar av fylkeskommunane.

Me ber om tilbakemelding på kven som kjem innan 23 august. Tilbakemeldingane kan sendast til sissel.bakke@aa-f.kommune.no eventuelt telefon 37 01 74 98.

Vel møtt til å drøfte eit spanande arbeid for regional utvikling, bygdeutvikling og villreinfeiljet.

Med helsing



Ola Orsbu
Plansjef



Sissel Bakke
Rådgjevar

Kopi til MD v/Bjørn Kasper Horgen og Øyvind Aarvig



AUST-AGDER FYLKESKommUNE
FYLKESRÅDMANNEN

Adresseliste

Sakshandsamar: Sissel Bakke
Direkte tlf.: 37017498

✓
Dykkar ref.
Vår ref.: 2007/1242-
17947/2007

Vår dato: 02.09.2007
Arkivnr: 123/K40

**DRØFTINGSMØTE "FYLKESDELPLAN FOR BRUK OG VERN AV
SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE OG SETESDAL AUSTHEI"**

Tid 7 september, klokka 10 – 15
Stad Rica Dyreparken Hotell, Kristiansand

Dagsorden

Klokka 10.00 Vel møtt

- Me presenterer oss
- MD innleiar kring tema og fortel om oppmodinga i brev dagsett 12 april 2007 "Fylkesdelplaner for bruk og vern av prioriterte fjellområder – fastsetting av nasjonale villreinområder" og om kvifor me er samla.
- Tom Sørum, Rogaland FK; "Heiane som ressurs for regional og lokal utvikling? Kvar er utfordringane og kvar er mulighetane sett frå fylkeskommunen som regional utviklingsaktør?"
- Bjørg Hellem, Vest Agder FK; Erfaringar med gjeldande fylkesdelplan. Forventningar og utfordringar knytt til ny plan?


Klokka 11.30 Matpause

Klokka 12.30 Drøftingar kring spørsmåla;

- To planar eller ein felles fylkesdelplan
- Avgrensing av villreinområdet, grunnlag for fastsetjing av nasjonalt villreinområde
- Samordning mellom verneplan og fylkesdelplan
- Innhald i planen(ane), detaljeringsgrad og planavgrensing, jf brev frå MD
- Organisering av planarbeidet
- Økonomi
- Tidspunkt og opplegg for oppstartsmøte
- Anna

Klokka 14.00 Oppsummering og vegen vidare

MD vil leie møtet. Me legg med liste over kven som deltek på møtet. **VEL MØTT.**


Med helsing
Sissel Bakke
Rådgjevar

Deltakarliste, drøftingsmøte om fylkesdelplan (ar) villrein fjellet.
7 september 2007

Namn	Frå
Björg Hellem	Vest Agder Fylkeskommune
Dag Petter Sørsdal	Fylkesmannen i Vest Agder, landbruksavdelinga
Ørnulf Haraldstad	Fylkesmannen i Vest Agder, miljøvern avdelinga
Tom Sørum	Rogaland fylkeskommune
Morten Johannessen	Fylkesmannen i Telemark, miljøvern avdelinga
Øystein Vatnar	Fylkesmannen i Telemark, landbruksavdelinga
Helge Lyngstad	Fylkesmannen i Aust Agder, miljøvern avdelinga
Kjellaug Øverås	Fylkesmannen i Aust Agder, landbruksavdelinga
Gudrun Mathisen	Hordaland Fylkeskommune
Kjell Abildsnes	Vest Agder Fylkeskommune
Ola Olsbu	Aust Agder Fylkeskommune
Sissel Bakke	Aust Agder Fylkeskommune
Øyvind Aarvig	Miljøverndepartementet
Bjørn Casper Horgen	Miljøverndepartementet
Vemund Jahren	Direktoratet for naturforvaltning
Anders Braa	Fylkesmannen i Rogaland, miljøvern avdelinga